

Julekalender



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



**Snart er det jul.
Vi tel ned dagane.**

1. desember

Første søndag i advent



Musikk til «Tenn lys!»
finn de her

Tekst til «Tenn lys!»
finn de her



2. desember



Kva kan du gjere for at adventstida skal bli så fin som råd for både deg og andre?

Kanskje har du nokre koselege aktivitetar du ønsker å gjere i lag med nokon? Kanskje ønsker du å skrive julekort, lage julegåver, gå på besøk til nokon eller hjelpe til med noko heime?




Ønske og løfte for adventstida



Dei fire vekene før jul kallar vi advent. Advent kjem frå det latinske ordet «adventus», som tyder «ei kome» (noko som kjem). Ein kan seie at vi i advent ventar på at jula skal kome. Adventskalenderen skal vere med på å telje ned dagane fram mot jul.

Kva med å fylle desse dagane med noko ekstra? Kva kan du gjere for at adventstida skal bli så fin som råd for både deg og andre? Kanskje har du nokre koselege aktivitetar du ønsker å gjere i lag med nokon? Kanskje ønsker du å skrive julekort, lage julegåver, gå på besøk til nokon eller hjelpe til med noko heime?

- Skriv inn løfta og ønska for adventstida i hjartet under.
- Klipp det ut og heng det opp ein lur stad. Kanskje over senga di?



Skriv inn løfta og ønska du har for adventstida, i hjartet.

Klipp ut hjartet og heng det opp ein lur stad. Kanskje over senga di?



3. desember

Kva ønsker eg meg til
jul?

Kva treng eg?

Kva ønsker eg for
andre?



Ønskeliste



NAMN:

EG ØNSKER MEG	EG TRENG
KLEDE EG ØNSKER MEG	BØKER EG ØNSKER MEG
FAVORITTANE MINE	DETTE ØNSKER EG FOR NOKON ANDRE DENNE JULA

FARGE:
SMAK:
AKTIVITET:
FILM:
BOK:



Lag di eiga ønskeliste.




Heng opp lista heime,
slik at andre kan sjå
kva du ønsker deg.

4. desember



Snøballkamp i klasserommet






Skriv fem setningar om deg sjølv.

Skriv fire adjektiv som seier noko om kven du er.

Teikn favorittretten din og ein av venane dine.




Du skal ikkje skrive namn på arket.

Krøll arket saman til ein snøball.




Klar, ferdig, gå! Snøballkrig i 30 sekund.

Plukk opp kvar sin snøball.

Finn ut kven som har skrive snøballane.



5. desember



Språksnurr

Vi skal no gjere ei oppgåve i gruppe.

De treng blyant og binders eller ein terning.



Språksnurr

Lag ein spinnar av blyant og binders eller trill ein terning.

Gjer oppgåvene.

**Bilete av spinnar
finn du her**

Språksnurr

Bruk ein spinnar eller ein terning for å sjå kva oppgåve(r) du skal gjere. Denne oppgåva kan ein gjere individuelt eller i gruppe, munnleg eller skriftleg.

1
Nemn åtte adjektiv som passar på læraren din

2
Nemn vokalane

3
Nemn seks substantiv - to av kvart kjønn - som startar med m

4
Nemn fem verb ein kan gjere med sykkel

5
Nemn ti substantiv som startar med jule-

6
Nemn fem adverb som passar til å gå eller å syngje

NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



6. desember



Gjett motivet

Du får no eit ark med mange bilete.

Du skal beskrive biletet med adjektiv for læringsvennen din.

Læringsvennen skal gjette kva for eit bilete du tenker på, og peike på kva for nokre delar av biletet du beskriv.

Eksempel



På biletet ser eg eit mjukt, hårete, søtt dyr med svart, brun og kvit pels.

Auga til dyret er grønbrune og store. Nasen er lysebrun, og ut av dei spisse øyra stikk det lange, kvite hår.

Under haka har dyret heilt kvit pels.

Under dyret ser vi noko raudt og søtt, som vi vanlegvis puttar i munnen.



7. desember





«Juletroll» av Theodor Kittelsen, 1907

8. desember

Andre søndag i advent



Musikk til «Tenn lys!»
finn de her

Tekst til «Tenn lys!»
finn de her



9. desember




Trill ei juleforteljing







De skal no kaste terning og skrive tøysete juleforteljingar.

Terningen styrer kven det handlar om, kva tid og kvar det føregår, og kva som hender.





Trill ei juleforteljing

	1. terningkast: Hovudperson	2. terningkast: Tidspunkt	3. terningkast: Stad	4. terningkast: Handling
	Ein snømann	Julaftan	I akebakken	Noko spennande blir oppdaga
	Ein alv	Midt på natta	I huset til julenissen	Eit mysterium må løysast
	Julenissen	Første juledag	I eit juleselskap	Noko eventyrlig skjer
	Eit reinsdyr	Veslejulaftan	I eit peparkakehus	Nokon reiser tilbake i tid
	Ei peparkakejente eller ein julemann	Nyttårsaftan	På Nordpolen	Nokon prøver å øydeleggje jula
	Lucia	Etter juleferien	På taket	Nokon eller noko blir borte

Hovudperson: _____

Tidspunkt: _____

Stad: _____

Handling: _____

Når du har trilla juleforteljinga di og fylt ut arket, skriv du forteljinga i skriveboka di eller på eit ark.

Kanskje du kan henge opp forteljinga i klasserommet eller pakke henne fint inn og gje forteljinga i julegåve til nokon du er glad i?



10. desember

I dag skal vi lage julekort
med bøyingar av julete
verb.

lage – lagar – laga – laga





Lag ei liste over julete verb
– ting vi gjer før jul og i jula.



Eksempel:

pakke, vaske, handle, bake,
pynte, gle, synge, ete, kose




Vel tre verb som du skriv
setningar med. Bøy verba først.
Ei setning skal vere i presens.
Ei setning skal vere i preteritum.
Ei setning skal vere i perfektum.



Vel eitt eller to verb som du vil
illustrere. Bøy verbet/verba

Lag eit julekort eller ein gåvelapp.
Skriv heile bøyinga av verbet, og
illustrer verbet.



11. desember




Julespå




Skriv eigne
spådommar eller
kjempe utfordringar i
dei tomme rutene.

Klipp ut og brett spåen.

Spå kvarandre.



12. desember




Stjernebilette

Dei fleste stjernene vi kan sjå på himmelen, er veldig gamle. Ei stjerne kan verte meir enn 10 milliardar år gammal.



Karlsvogna

Stjernebiletet Karlsvogna blir danna av dei sju mest lyssterke stjernene i stjernebiletet Store bjørn.



Stjernebillede

- Mål dorullen blå. Tørk.
- Ta folie rundt toppen, fest med strikk.
- Legg den spegelvendende malen på folien. Stikk hol ved kvar prikk.
- Pynt kikkerten med stjerner.
- Sjå mot lys gjennom kikkerten.

Stjernebillede

Mål: Skaparglede, engasjement og utforsking. Respekt for naturen. Tverrfagleg kompetanse.


Utstyr: Dorullar, ein bit aluminiumsfolie, ein mal til Karlsvogna, ein strikk, ein svart tusj, ei knappnål, kvit og blå akrylmåling, ein pensel, stjernebilletemerke, ei lommelykt.

Ifølgje Bibelen såg tre vismenn ei heilt ny stjerne som synte seg på himmelen. Denne følgde dei og fann Jesusbarnet. Dei fleste stjernene vi kan sjå på himmelen, er veldig gamle. Ei stjerne kan verte meir enn 10 milliardar år gammal. Kva tykkjer de er fint med stjerner?

Karlsvogna er eit stjernemønster som vert danna av dei sju mest lyssterke stjernene i stjernebiletet Store bjørn.

Lag din eigen stjernebillede

Mål dorullen blå med litt kvit og blå akrylmåling. La det tørke. Ta folie rundt toppen av eine dorullenden og tett att opninga. Deretter legg du malen med stjernebiletet på folien som dekkjer opninga av rullen, og stikk hol med ei knappnål på kvar prikk. Fest folien betre med ein strikk. Skriv namnet på stjernebiletet på kikkerten og pynt med stjernebilletemerke. Dersom du lyser med ei lommelykt inn i den opne enden av kikkerten, vil du sjå stjernebiletet på bakken. Hugs at dersom du vil lage verkelege stjernebilette, må du lage dei spegelvendende på stjernebillekikkerten for at det skal verte rett når du lyser mot bakken.





13. desember

I dag er det Lucia-dagen

På luciadagen er det mange barn som tek på seg kvite klede, har glitter i håret, og går i tog. Den som går fremst i toget, har ofte på seg ei krone med lys, og skal minne om helgenen Lucia.



Les teksten om Lucia saman, og fyll inn rett ord i setningane.



tog helgen lussekattar desember krone

Lucia-dagen vert feira den 13. _____

Lucia er ein _____

På Lucia-dagen er det mange som et _____

Mange barn går i _____ på Lucia-dagen.

Lucia har ei _____ med lys på hovudet.

Gå på ordjakt

Orda kan vere skrivne både loddrett og vassrett, men ikkje på skrå.


K	R	O	N	E	G	U	L	G	P
S	Y	F	O	G	Ø	T	U	N	I
T	I	T	P	L	D	S	C	A	D
P	J	R	A	O	H	I	I	T	Y
Æ	L	U	S	S	E	K	A	T	T
R	Y	L	Y	O	L	M	K	Y	O
M	S	E	N	G	G	O	R	B	G
O	M	E	Ø	R	E	Å	O	V	K
K	N	H	P	F	N	V	F	L	S
D	E	S	E	M	B	E	R	E	S

Lucia
natt
lys
lussekatt
helgen
desember
krone
tog

Brettefigurarar

Brett arket, og klipp ut figuren. Pass på å ikkje klippe dei stipla linjene, der figurane heng saman.

Heng opp Lucia-remser i vindauget i klasserommet.



Syng Lucia-songen

Nynorsk Lucia-song finn de i [songboka til Tunkatten](#).



14. desember





«Norsk juleskikk», 1846
Adolph Tidemand

15. desember

Tredje søndag i advent



Musikk til «Tenn lys!»
finn de her

Tekst til «Tenn lys!»
finn de her



16. desember



Juletre dikt


Eit figurdikt er eit dikt som er forma som tingen eller gjenstanden diktet handlar om.

Dikta vi skal skrive no, skal vere forma som eit juletre. Dikta skal også handle om juletre.



Juletre-dikt

av:



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

Når ein skal skrive eit figurdikt med temaet juletre, kan det hjelpe å starte med å skrive ned alle orda ein kjem på som handlar om juletre.

Lag gjerne ein ordbank på tavla. Desse orda kan de bruke i dikta dykkar.



17. desember

Teikneserien Pepar og Gulrot

Vi skal no lese teikneserien «Samhaldstreet» av David Revoy.

Kva trur de eit samhaldstre er?

Les den første snakkebobla.

Kva trur du dei tenkjer om samhaldstre i dette huset?



Teikneserien Pepar og Gulrot

Les teikneserien «Samhaldstreet» saman.

Medan de les, skal de tenkje over:

- Kva karaktertrekk trur de dei vaksne heksene har?
- Kva karaktertrekk trur de Pepar har?

Kvifor trur de Pepar vil lage eit samhaldstre?

Kvifor trur de dei andre heksene meiner at eit samhaldstre er tull og tøys?



Kva skjer vidare?

Kva trur de skjer vidare?

Skriv, aleine eller saman med læringsvenen, kva de trur skjer vidare.

Lag ein teikneserie av det som skjer vidare.

Mal til teikneserie finn du her og her.



Kva skjer vidare?

Heng opp teikneseriane i klasserommet.

Les kvarandre sine teikneseriar.



Slik tenkte teikneserieskaparen at det gjekk

Her finn du det neste kapittelet i *Peper og Gulrot*.

Les teikneserien saman.

18. desember



I denne oppgåva skal de lese teksten «Slik lagar du ei god jul for både deg og planeten».

Deretter skal de lage eit kryssord ved å bruke kryssord-
generatoren.

Til slutt byter du kryssord med læringsvenen og løyser kryssordet du får.



Lag eit julekryssord!


I denne oppgåva skal du nærlese teksten «Slik lagar du ei god jul for både deg og planeten»:
<https://framtidajunior.no/2020/12/22/slik-lagar-du-ei-god-jul-bade-deg-og-planeten/>

Når du er ferdig med å lese, skal du lage eit kryssord om teksten. Jobb med å formulere oppgåvene til kryssordet så tydeleg som mogleg. Då vert det enklare for medeleven din å løyse kryssordet. Du lagar kryssordet ved å bruke kryssord-generatoren, som du finn her:
<https://worksheets.theteacherscorner.net/make-your-own/crossword/>

Bruk også litt tid på å lime inn bilete/illustrasjonar som høver til innhaldet i oppgåvene du har laga. Til slutt byter du kryssord med læringsvenen din og løyser kryssordet du har fått tildelt.



19. desember



Julebingo

Fyll bingo-arket ditt med juleorda frå lista på neste side.

Spel julebingo saman.



Julebingo



stjerne

juleforteljing

julenisse

gjetar

peparkake

julekorg

gåve

song

hjarte

pinnekjøtt

juletre

klementin

engel

familie

kyrkje

snop

krubbe

kakemann


graut

julekule






20. desember




Jule-Kahoot

Les teksten «Dei første julegåvene» saman.



Jule-Kahoot


Gå saman to og to og les gjennom teksten ein gong til. Strek under nøkkelord i teksten.



Jule-Kahoot



To og to læringspar går saman i grupper på fire. Bruk nøkkelorda for å diskutere kva teksten handlar om.



Jule-Kahoot

Gjer Kahoot-kvissen som har
namnet «Dei første julegåvene»

21. desember





«Fiskerens juletre», 1908
A.B. Wilse, Nasjonalbiblioteket



«Ut og finne juletre», 1909
A.B. Wilse, Nasjonalbiblioteket

22. desember

Fjerde søndag i advent



Musikk til «Tenn lys!»
finn de her

Tekst til «Tenn lys!»
finn de her








23. desember



«Glade jul», 1891
Viggo Johansen

24. desember





https://www.nrk.no/video/ruth-lillegraven-leser-juledikt_241832